

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-014, FE-033	23/299

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
051/2023	Kommunestyret	PS	19.10.2023

### Val av kontrollutval for kommunestyreperioden 2023 - 2027

#### Forslag til vedtak:

Kommunestyret vel desse medlemene til kontrollutval for kommunestyreperioden 2019 – 2023:

Leiar:

Nestleiar:

Medlem:

Medlem

Medlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

Kjetil Eikefet Leiar  
Aud Almenningen Helland  
Linda Tollefsen  
Karianne Neset Nygard  
Petter Arnesen

Vara  
Asbjørn Ekse  
Britt Farestveit

#### Saksopplysningar:

## Bakgrunn

Kontrollutval er eit lovpålagd organ. Utvalet sine oppgåver er nærmare omhandla i kapittel 23 i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon, fastsett av departementet 17. juni 2019(sjå vedlegg). Etter § 7-1 i ny kommunelov skal kommunestyret velje kontrollutval i det konstituerande møte, og nyteomsyn taler for at ein vel kontrollutval etter val av formannskap og ordførar/varaordførar for å sikre at reglane om valbarheit vert følgde.

Etter § 23-1 første ledd i ny kommunelov, vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som på vegne av kommunestyret skal føre laupande kontroll med forvaltninga i kommunen. Kommunestyret vel også sjølv leiar og nestleiar i kontrollutvalet.

Etter § 23-1 andre ledd skal kontrollutvalet ha minst 5 medlemer. Dette er ein auke i det lågaste talet på medlemer samanlikna med førre lov. Minst ein av medlemene i utvalet skal veljast mellom medlemene av kommunestyret. I den nye lova er det også tatt inn ei føresegn om at leiaren ikkje kan vere medlem av same parti eller same gruppe som ordføraren i kommunen.

Dei vanlege krava til valbarheit i § 7-2 og kven som er utelukka etter § 7-3 gjeld også for kontrollutval. I § 23-1 tredje ledd bokstav a-h er det særlege reglar om kven som ikkje kan veljast til kontrollutvalet. Dette er:

- Ordførar og varaordførar
- Medlemar og varamedlemar av formannskapet
- Medlemer av kommuneråd
- Medlemer og varamedlemer av kommunestyrekomite
- Medlemer og varamedlemer av folkevald organ med myndigkeit til å ta avgjerd(merk at medlemer og varamedlemer av kommunestyret likevel er valbare)
- Tilsette i kommunen
- Personar som har ei leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem i styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i.
- Personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Det nedste punktet er nytt i lova, og gjeld dei tilfella der representantskapa i eit slikt interkommunalt samarbeid har oppretta eit underordna styringsorgan etter høvesvis § 18-3 fjerde led og § 19-3 femte ledd. Dersom eit slikt organ i realiteten er eit styre med dei oppgåvane og myndigkeit som normalt ligg til eit styre i eit selskap, så kan medlemene og varamedlemene i dette organet ikkje veljast til kontrollutvalet.

Som det går fram av lista, fører den nye lova vidare at ein person som er tilsett i kommunen ikkje kan veljast til kontrollutvalet, og dette gjeld uavhengig av kva stillingsbrøk vedkomande er tilsett i. Bakgrunnen for dette er omsynet til å sikre kontrollutvalet og medlemene skal vere uavhengig og

utan bindingar til kommunen. Dessutan vil ein hindre at medlemar av kontrollutvalet får saker til handsaming som gjeld dei sjølve eller verksemda der dei er tilsett.

Kommunestyret kan når som helst halde nyval av medlemene i kontrollutvalet, jf kommunelova § 23-1 fjerde ledd. Kommunestyret kan ikkje vedta å leggje ned kontrollutvalet i valperioden.

## **Kommunestyret - 051/2023**

### **KS - behandling:**

Samrøystes vedteke

### **KS - vedtak:**

1. Kjetil Eikefet Leiar - Samlingslista
2. Aud Almenningen Steinsland -
3. Linda Tollefsen -
4. Karianne Nerset Nygard - Solrenningslista
5. Petter Arnesen - Solrenningslista

Vara

6. Asbjørn Ekse - Samlingslista
7. Britt Farestveit - Solrenningslista
8. Inga Jorunn Nåmdal - Samlingslista

### **Vedlegg:**

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon